



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/187696-27

Dykkar referanse:  
18/2698 - 19/9289

Vår dato:  
18.06.2019

### Ber om fleire opplysningar – Mellombelse avkjørsler – Fv, 409 – gnr. 24 bnr. 66 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 08.06.2019. Radøy kommune ber om uttale til sak om mellombelse anleggsavkjørsler. Frist for uttale 06.07.2019.



*Plan vedlagt søknaden.*

Vi vil vise til at det tilsendte materiale ikkje er tilstrekkeleg til at vi uttale oss. Mellombelse anleggsavkjørsler må behandlast som ein dispensasjon frå plan. Statens vegvesen vil eventuelt

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

stille krav om utforming som må innarbeidast som vilkår i eit eventuelt løyve. Det må og setjast vilkår om tilbakeføring / stenging av avkøyrslene.

Før vi kan ta stilling til eit slikt tiltak må vi få informasjon om avkøyrsla skal brukast til, kva som er dimensjonerande køyretøy, kor mykje avkøyrslene skal nyttast og kor lang driftstida skal vere.

Vi kjenner heller ikkje til bakgrunn for at det skal anleggast eit riggområde på austsida av fylkesvegen, eller kva drift / bruk ein ser føre seg her. Vi legg til grunn at det må søkjast om mellombels dispensasjon frå arealføremålet? Vi spør og om det er planlagt for tiltak som kjem innanfor byggjegrænse til veg. Dette må i så tilfelle søkjast om dispensasjon for.

**Oppsummert:**

Statens vegvesen meiner at saka er mangelfullt opplyst slik at vi ikkje kan uttale oss til saka.

Vi vil og vise til brev sendt til kommunane 13.06.2019 om forlenga saksbehandlingstid i sommarferien. Dette gjeld også uttale til saker etter plan og bygningslova.

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*